

SOGNDAI

kyrkjelydsblad

INFORMASJON



Nr. 3 | september 2021 | 49. årgang



God haust



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Besøksadresse:
Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkevegen 6
6856 Sogndal

Bankgiro: 3705.40.71206

Telefon kyrkjekontoret: 57 67 99 85,
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Facebook og Instagram:
Kyrka i Sogndal

Grafisk:
Ingvold Husabø Prenteverk as

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune med unntak av Leikanger sokn. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i byrjinga av desember. Stoff kan sendast til post@sogndal.kyrkja.no innan 29. oktober.

Bladpengar: kr. 300,- pr. år,
kr. 400,- for abonnantar.

ANDAKT:

Ei fyrlykt i stormen

«Har du fyr, har du lykter langs din vei.
Har du fyr, et signal om riktig lei.
Ei lampe som gløder i mørket og loser
dæ ut og frem.

Som tar dæ bort og hjemmefra, men
også tar dæ hjem.»

Ola Bremnes sin kjende song er mange av oss glade i. Bileta han teiknar om sjø, bølgjer, og fyrlys som viser veg, minner også om sjølve livet.

I kyrkja brukar me mange maritime biletale. Kyrkjelyden sit i skipet, alle i same båt. Me syng om «tårnhøye bølger», og at me «seiler på livets hav». Me brukar hendene for å illustrere kor små båtar me har og kor stort havet er. Me peikar oppover og viser kor den gode styrehjelpa kjem frå. «Jesus har gripe mi hand», og då går det bra til slutt.

Eg likar kysten og havet. Å stå med utsikt til horisonten ute ved eit fyr ein fin sommardag, det gjev ei underleg ro og glede i sjela. Men eg må innrømme at eg helst er ein godvers-haventusiast. Bølgjer høge som tårn er ikkje noko for meg. Når det stormar som verst er ikkje havet den plassen eg vil vere. Slektstreet mitt er fullt av fiskarar, matrosar, fyrbøtarar og styrmenn. Eg innbiller meg at han tipp-tippen som valte å verte skomakar i staden, var litt som meg.

Det er ikkje vanskeleg å sjå for seg kor godt det må ha vore å sjå fyrlysa frå land som faste haldepunkt som

sto heilt stødig og støtt medan båtane gjekk opp og ned i dei store bølgjene. Dei visste kor dei skulle. Lyset gav håp.

Litt sånn er det med kyrkja også. Ho står der og peikar med tårnspiret oppover, slik som den vesle barnefingeren som peikar opp når me syng «Min båt er så liten». Kyrkja peikar på Jesus som det store Lyset for verda.

Det har vore ei utfordrande tid, som har halde oss vekke frå kvarandre. Me har på ein måte vore litt ute i stormen det siste året, med usikre dagar og smittebølgjer. Konfirmasjonar på sparebluss med makstal folk i benkane, avlyste julegudstenester og alternative utesamlingar. Me som jobbar i kyrkja har kjent oss på gyngande grunn i annleisåret. Noko har likevel vore heilt som før: Gamle klokker i stødige tårn har kima trufast inn høgtider og høgtidsdagar slik dei har gjort i generasjonar, og minna om at Gud er med oss også no.

Og snart, der framme ein stad, når bølgjene har lagt seg, kan me fylle HEILE kyrkjeskipet med folk att medan Kristus-lyset skin i globen som eit fyrlys for oss alle.

Birte Husum
Trusopplærar

Foto på framsida:

Stort bilde:
Myr ved Nuken.
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Lite bilde venstre:
Flott gjeng på kyrkjelydstur.
Foto: Gitte Therkelsen Torstad

Lite bilde høgre:
Stedjetunet klar for opning.
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

Har du tatt bilete eller skrive noko som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet? Send det gjerne på e-post til post@sogndal.kyrkja.no innan 29. oktober.

Bilete

Bilete som vert sendt til kyrkjelydsbladet må vere av god kvalitet for å bli bra på trykk. Sjå våre nettsider for meir informasjon om kvalitet på bilete.

Startar opp bønegruppe på Stedjetunet

Det er veldig fint å oppleve å bli kontakta av frivillige som ynskjer å bidra med eit tilbod for alle i kyrkjelyden. Astrid Bondevik ynskjer å etablere ei bønegruppe, og under her kan du lese meir om kva ho ynskjer med dette tilbodet og korleis bønegruppa vil fungere i praksis.

Kvifor har du lyst til å starte opp ei bønegruppe?

For det første så har eg rett og slett tru på bøn. Det gjer godt å be – og eg har tru på at bøn kan utrette og at det fungerer.

For det andre så har eg lyst å vere med å bidra til at verden vert ein god stad for alle. Eg tenkjer at det å vere med å være kan vere eitt av mine bidrag. Kanskje er det fleire i Sogndal som kjenner på litt av det same og som har lyst å vere i eit fellesskap der bøn står sentralt.

For det tredje kan bønegruppa også vere til inspirasjon for personleg bøn.

Korleis vert samlinga lagt opp?

I bønegruppa vil me bruke kyrkjebønene – enkle bøner som vert brukt i gudstenestene. Bønene er vide og generelle og dei som ber kan vere i bøna med det den enkelte legg i det. Me vil løfte blikket frå oss sjølv og ut over til samfunnet rundt oss, til konfliktar og utfordringar i verda i dag. Sjølv om fokuset er det kollektive, er det også rom for korte personlege bøner.

Liknar dette på Stille kveld?

Både ja og nei. Det som er likt er at me brukar ferdigformulerte bøner og at det er ein del stillhet mellom bønene eller i samlinga. Men eg tenkjer at Stille kveld har fokus på det personlege, eit møte med seg sjølv i Guds nærvær, medan bønegruppa vil vere meir orientert utover oss sjølv.

Tidspunkt for bønegruppa vert tredje onsdagen i månaden kl 18.00, og vil vare i omtrent 40 min. Bønegruppa vil vere på Stedjetunet.

Gitte Therkelsen Torstad
Tekst



Foto: Privat

Bønesamling på Stedjetunet i haust

20. oktober

17. november

15. desember

Tidspunkt for Stille kveld med tidebøn vert andre onsdagen i månaden kl 19.00 i Stedje kyrkje.

13. oktober

10. november

8. desember

Kyrkja er eit fellesskap av frivillige

Vi treng fleire frivillige i Sogndal, til både gudstenester og anna frivillig arbeid.

I gudstenestene er det frivillige som er medliturgar, som mellom anna les teksten, og det er frivillige som er kyrkjevertar, som mellom anna tek imot folk i døra, ynskjer velkommen og registrerer namn. Kunne du tenkje deg å gjere slike oppgåver?

Det er fint om vi vart fleire som hjelper til i «Torsdagssklubben», eit tilbod med song og musikk for menneske med funksjonsnedsetting.

I barne- og ungdomsarbeidet er det alltid flott viss fleire kan bidra med noko inn mot dei aktivitetar som vi har.

Er du ein av dei som kan tenkje deg å besøke eldre i regi av kyrkja si

besøksteneste?

Kanskje du ynskjer å starte med noko i regi av kyrkja?

Ta kontakt med kyrkjemkontoret ved soknediaconen Gitte, eller skriv ein e-post viss du ynskjer snakke om eit frivillig engasjement.

Nytt frå fellesrådet

Så var hausten her! Og eg håpar du har hatt ein fin sommar!

Med hausten startar mykje aktivitet, som gjerne har hatt ein liten pause gjennom sommaren, opp att. Slik er det også her i kyrkja. No er nytt konfirmantkull i gang med sine samlingar og undervisning, babysongen er i gang, og sorggruppe og anna aktivitet under diakoni på gang. Kyrkjelydstur har det også vore, og me er glad me kunne gjennomføre dette i år sidan det måtte avlyst i fjor. Korona set framleis sine merke, men me håpar stadig at samfunnet gradvis kan opnast meir opp att. Det blir kanskje ikkje heilt som det var før, og nokon nye gode vaner er det nok lurt å halde på.

Ulike prosjekt

Leikanger

Brannsikringa av Leikanger kyrkje er snart ferdig, og vil stå klar om lag på dei tider du får dette bladet i handa. Dette prosjektet førte også til ei lita ombygging av sakristiet innvendig. Der er det mellom anna også kome eit eige teknisk rom for brannsikringsanlegget. Ny disk med vask med meir må mellom anna også kome på plass der. Vi håpar sakristiet no vil gi gode forhold både for dei tilsette og ikkje minst for dåpsfamiliane og andre brukarar av rommet.

På Leikanger kyrkje arbeider me også med å få utbetra det elektriske anlegget, og anbodspapir på dette arbeidet er ute no. Me håpar her å få utbetra el-tavler og lagt noko nytt leidningsnett mellom anna til tårnet slik at ei utskifting av det gamle ringeanlegget kan gjennomførast. Noko meir oppvarming i koret håpar me også å få på plass. Noko midlar frå Riksantikvaren har me fått til desse arbeida på Leikanger kyrkje, og resten må me finne lokal finansiering på.

Kvamsøy

På Kvamsøy fekk me laga ein tilstandsrapport for kyrkja i fjor

sommar. Den viste ein del manglar og behov for vedlikehald. Me har vore så heldige å få tilsegn om tilskot til ytre vedlikehold frå Riksantikvaren, men også her er det krav om ein del eigenandel for å kunne løyse ut desse midlane. Vi håpar likevel på å få gjort litt av vedlikehaldet framover. Mellom anna treng taket utskifting av knekte takstein og utbeting av lekkasje, og ein del roteskader på utvendig treverk treng å bli sett på, samt noko målingsarbeid på vindskeier og takrenner med meir. Kvamsøy kyrkje fekk også reinsa altartavla si i fjor sommar, og fekk då også tilbake votivskipet i taket og nokre måleri som har vore til reparasjon.

Stedje

Stedje kyrkjegard er under utviding og dette arbeidet skal bli ferdig i haust. Saman med utvidinga får me også tatt litt vedlikehald på noverande del av kyrkjegården. Mellom anna har det kome nytt gjerde langs veggen i sør. På den nye delen av kyrkjegården kjem det også ein namna minnelund. Ein namna minnelund er ein gravplass der gravene har eit felles minnesmerke. På dette minnesmerke kan det setjast opp namneskilt over dei som er gravlagde i området, det kan tennast lys og leggjast ned blomar. På den namna minnelunden vil det vere mogleg å setje ned både urner og kister. Dette er eit nokså nytt tilbod i vårt område og den første som kjem i Sogndal kommune. Sjå gjerne meir informasjon om dette på side 10 i dette bladet.

Kaupanger

På Kaupanger har ein i mange år slite med beitande hjort inne på gravplassen. Diverre gjekk ikkje den første søknaden om oppsettning av gjerde igjennom hjå vernestyresmaktene. Me har no ny søknad inne på godkjenning av hjortegjerde rundt heile kyrkjegården, og håpar å få dette på plass i haust. Det er også kome nye krav til prosjektet med å få bygt nytt gravplassbygg og kyrkjestove på Kaupanger, men me kan ikkje gi oss, så håpet er der framleis om å få dette på plass så snart som råd.



Endringar mellom dei tilsette

Miguel Espinoza, som byrja som organist i Balestrand sokn i desember, har fått tilbod om full stilling i Førde og tek til i den stillinga frå 1. oktober. Han har vore ein dyktig organist som vil bli sakna, sjølv om me berre fekk ha han som kollega i vel eitt halvt år.

Når han sluttar har me vore så heldige å få på plass ei ny ordning for kyrkjemusikartenesta i Balestrand.



Laila Vang og Jorunn Høines er no tilsette i kvar sine prosentstillingar, og dei vil dekke opp speling og musikk til gudstenestene i soknet. Samstundes er det inngått avtale med Hallgeir Øgaard Westli om å spele til gravferder og vigsler. Hallgeir er også kantor i Leikanger og Fjærland sokn. Me håpar og trur at dette vil vere ei god løysing for Balestrand sokn.

Cristina Sandor er kyrkjetenar i Leikanger, Norum og Kaupanger sokn.

Ho gjekk ut i svangerskapspermisjon i sommar, og blir ute i permisjon fram til våren 2022. I hennar stad har me vore heldige å få Gunnar Stundal og Erik Asbjørn Thue inn som vikarar på Kaupanger. Det er to stødige karar som vil dele litt på jobben seg imellom. På Leikanger og i Norum har me dverre ikkje fått tak i vikar enno, men håpar me finn ei god løysing etter kvart. Til så lenge må me prøve å løyse oppgåvene med frivillige og noko ekstra jobb for dei tilsette.

Med mange prosjekt på gang i kyrkjene og oppstart av ny aktivitet i sokna, går me ein travel haust i møte. Me håpar mange vil nytte seg av tilboda våre, og at me får ein fin haust i lag.

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal

Sigrid Svartefoss
Foto



Hanne Marie Engdal begynte som diakon i Sjømannskirken på Gran Canaria i fjor.

Diakoni og pandemi

- Vi må ikke gjøre det så innviklet å være et medmenneske, mener Hanne Marie Engdal som jobber som diakon ved Sjømannskirken på Gran Canaria.

Å være diakon under en pandemi har endret arbeidshverdagen til Hanne Marie Engdal.

- Men enten jeg møter én eller ti, er det jo selve møtet som er viktig. Jeg får bedre tid til å være sammen med dem som trenger støtte og hjelp. Det oppleves veldig godt oppi alt.

- Diakon og diakoni er fortsatt fremmedord for mange?

- Diakoni defineres ofte som kirkens

omsorgstjeneste. Det handler om å møte alle mennesker der de er i livet, med nestekjærighet, respekt og likeverd.

- Så diakoni handler ikke om at de sterke skal hjelpe de svake?

- Nei. Det er en feiltolkning å tenke at jeg som diakon alltid er den sterke og tøffe som takler alt. Noen ganger trenger vi alle råd og veiledning, andre ganger trenger noen av oss mat, klær, en klem eller hjelp til å prøve å få livet inn på et godt spor.

Utvordrende sosialsaker

Før Hanne Marie Engdal flyttet til Gran Canaria i fjor, jobbet hun 15 år som diakon i Norge.

- Er det stor forskjell på være diakon i Spania sammenlignet med Norge?

- Ja, egentlig. I Norge er det et helt opplegg for alle eventualiteter av det mennesker sliter med. Det finnes selvsagt et spansk helsevesen her, men ting blir ofte mye mer komplisert når man er i utlandet, med andre regler og ulike rettigheter. Språkbarriieren er også et hinder for mange til å kunne nyttiggjøre seg av de lokale hjelpetiltakene.

- Er det noe som er likt?

- Folk trenger jo den samme omsorgen uansett hvor de er i verden. Det folk sliter med hjemme, sliter folk med her også. Det er sorg, rus, ensomhet, sykdom og utenforskaps.

- Hvilke saker er mest krevende?

- Vi blir involvert i mange såkalte sosialsaker som er utfordrende. De tyngste og mest komplekse sakene har sammenheng med rus, psykiatri



Diakoni definere ofte som kirkens omsorgstjeneste.



- Folk trenger jo den samme omsorgen uansett hvor de er i verden, sier diakon Hanne Marie Engdal

og omsorgssvikt. Men barn, små barn, som opplever omsorgssvikt i et fremmed land, gjør spesielt inntrykk på meg. Det er ille i Norge også, men her har de ofte ikke noe nettverk, bortsett fra Sjømannskirken. Det er tøft, sier hun og legger til at Sjømannskirken har kompetanse på å møte mennesker i vanskelige livssituasjoner, i sjelesorg og sorgarbeid. I tillegg til et godt samarbeid med andre hjelpeinstanser.

Hjemløse nordmenn

– Hender det at du må ut og lete etter nordmenn?

– Det skjer innimellom, men det er viktig for meg å respektere menneskets frie vilje. Jeg møter nordmenn som har valgt å leve som hjemløse her. Noen av dem har vokst opp med rus og overgrep, og mangel på at noen har tatt tak i livene deres som små. Deres handlingsmønstre og referanserammer for hva som er et bra liv er så veldig annerledes enn mitt. Det kan tilsynelatende virke enkelt å være uteiiger her. De slipper å fryse og de mottar mat fra ulike steder. Hvem er jeg da som skal si at de ikke kan leve det livet de lever? Men det er klart at når de mister bankkortet, når trygden ikke kommer, eller når de blir syke, da blir det fryktelig komplisert å være hjemlös og norsk på Gran

Canaria.

– Hva gjør du da?

– Jeg prøver å sette dem i stand til å ikke bare være hjelpetrengende, men å handle selv. Til å ta ansvar og myndighet over eget liv. Ofte skulle jeg ønske at jeg kunne ta valgene for dem, sette dem på et fly og få dem inn i et system hjemme i Norge. Men jeg kan ikke frata voksne mennesker de valgmulighetene de har. Så sant de ikke er så dårlige at de er ute av stand til å ta det valget selv. Jeg prøver å være sammen med dem og støtte dem i en vanskelig situasjon.

Vær et medmenneske

– Hva er ditt beste tips til hvordan vi kan leve litt mer, hva skal jeg si, diakonalt i hverdagen?

– Ikke sett deg selv i sentrum og prøv å se ting ut fra perspektivet til det mennesket du treffer.

– Det er kanskje lettere sagt enn gjort?

– Neida. Vi må ikke gjøre det så innviklet å være et medmenneske. Forskning viser at noe av det viktigste for oss mennesker er å bli sett og hørt. Ingen av oss er perfekte, vi har alle våre feil og mangler, men vi kan likevel

være der for hverandre og skape gode fellesskap. Du kan jo sjeldent gjøre noe galt hvis du gir noen et smil, en klapp på skulderen eller ringer og spør «Hvordan har du det?»

Reportasjen er en forkortet versjon av en reportasje som stod i Sjømannskirkens magasin HJEM nr. 1/21.

Inge Mørland
Tekst

Mette Brandt
Foto

Diakoniens dag i våre kyrkjer

I haust er det nokre gudstenester som får ekstra fokus på diakoni, og vert kalla «Diakoniens dag». Gudstenester som får dette preget hjå oss er:

Fjærland kyrkje
24. oktober kl. 15.00

Stedje kyrkje
21. november kl. 11.00

Kaupanger stavkyrkje
21. november kl. 19.30



Namna minnelund på Stedje kyrkjegard

Utviking av Stedje kyrkjegard: Som kjent er arbeidet med utviking av Stedje kyrkjegard godt i gang og skal stå ferdig i haust. Den siste tida har me fått ynskje frå publikum om at det vert bygt ein namna minnelund i kommunen. Dei seinare åra har det vorte meir vanleg å etablere denne typen gravlundar rundt om i landet. Administrasjonen ser også at det kan vere fornuftig å få denne typen gravplass her hjå oss. Sidan den største tilflyttinga til kommunen er til Stedje sokn, samtidig som ein no også er i gang med å utvide eksisterande gravplass på Stedje, ser ein det som mest naturleg at denne typen gravplass vert lagt til Stedje kyrkjegard og då som ein del av den pågående utvidinga.

Kvifor namna minnelund?

Gravleggingar på ein namna minnelund

vil skje på vanleg måte der familien/gravfylgle er med når kista/urna blir sett i jorda. Det som skil ein namna minnelund frå eit «vanleg» gravfelt er at ein ikkje får sett opp eigne personlege gravminne etter gravferda, men ein har eit felles gravminne for området. Endringar i samfunnet der mange familiar bur spreidd, gjer at mange ikkje har nære pårørande buande i nærleiken av seg. Mange føler då på «plikta» ein pålegg andre for stell og tilsyn av grav. Det same gjeld også for einslege utan nær slekt. Fleire vil då gjerne nytte seg av eit tilbod som ein namna minnelund gir i staden for å bli gravlagd på ordinære gravfelt der ein set opp eigne personlege gravminne.

Uttale frå gravplassrådgjevar

Gravplassrådgjevar Åse Skrovset hjå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

(som er godkjenningsinstans for heile landet) seier at dei fleste søknadane ho får til godkjenning no gjeld etablering av minnelundar, og meiner det vil vere framtidsretta å få etablert ein slik i ein so pass stor kommune som Sogndal. Ideelt sett skulle ein kanskje hatt ein slik ved alle gravplassane i kommunen, men ut frå økonomi og arealbruk vil ikkje dette vere mogleg no. Ein ser også at det vil vere mest hensiktsmessig å få dette på plass saman med den pågående utvikinga av Stedje kyrkjegard. Det vil truleg ta lang tid før ein har økonomiske midlar til ei ny utviking.

Namna minnelund

Gravleggingar i ein namna minnelund kan vere av både kister og urner, sjølv om det gjerne er mest vanleg med berre urnefelt.



I dette området kjem den namna minnelunden på Stedje kyrkjegard. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Fellesrådet i Sogndal har vurdert å setje av eitt felt av kvar type til den namna minnelunden. Det vil ikkje bli ein «bortgøymt» del av gravplassen, men vil få god universell tilgjenge og rimeleg nærleik til kapell og kyrkje.

Ein namna minnelund bør vere eit positivt tilskot til gravplassen, og eit fellesområde som alle kan ta i bruk. Den må også vere utforma trus- og livssynsnøytralt.

Endeleg utforming av minnelunden og felles minnesmerke for området er derre ikkje heilt klart enno. Det som er klart er at det må vere plass til like mange namneskilt på minnesmerke som det er graver på minnelunden. Det er også ynskjeleg at det er mogleg for etterlatne å setje ned blomar og lys på/ved minnesmerke.

Det skal minimum vere plass til fornamn, etternavn, fødselsår og dødsår på namneskiltet. Det må også takast høgde for at det skal vere mogleg å ta bort namneskiltet/informasjonen når dei etterlatne ikkje ynskjer å behalde grava lenger.

Storleiken på festeavgift for dette området er ikkje bestemt enno. Truleg vil festeavgifta i dette området bli ei anna enn for «vanlege» graver. Dette fordi ein her ikkje får rett til å gjenbruka grava etter at fredingstida er ute, men der rettane vert avgrensa til å kunne behalde namneskiltet i festetida. Storleiken på denne festeavgifta skal vedtakast av kommunen etter forslag frå fellesrådet – til liks med festeavgift for ordinære graver.

Vonar dette gav dykk litt meir informasjon om kva ein namna

minnelund er, og de er alle velkomne til å ta kontakt med kyrkjecontoret om de har spørsmål kring dette.

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal



Kyrkjelydstur til Lærdal og Filefjell

Fredag 20. august tok 32 påmeldte på kyrkjelydsturen, fatt på bussturen opp igjennom Lærdalsdalen. Vidar Lægreid fortalte om den fasinerende Sjurhaugfossen med det 10 meter høge vassfallet.

Då vi stansa ved Borgund stavkyrkje og besøksenteret der, delte vi gruppa i to: Medan nokre fekk guiding i kyrkja, fekk den andre gruppa høve til å sjå utstillinga og ta seg en kopp kaffi. Flinke guidar fortalte om korleis kyrkja på 1100-talet var katolsk. Språket (latin) og liturgien i gudstenesta var uforståelig for dei fleste som sto under gudstenesta.

Vi kom deretter til Borlo bygdetun, og møtte Kari og Dagfinn Hegg Lunde. På

imponerande vis har dei laga til den gamle garden med dei eldre husa, til museum. Vi fekk kikka inn og sjå meir av kva folk tidlegare brukte av reiskap. Vi fekk òg eit innblikk i historia til denne garden som ligg kloss i eit stykke av Kongevegen.

Vi køyrdet vidare til St. Thomas kyrkja, der Vidar fortalte spennande historie om kyrkjebygg som hadde stått på denne plassen før. Vi fekk synge ein salme for dagens kyrkje, som var skrevet til 50 års-jubileet i år. Etter ei kort andakt ved diakon Gitte, tok vi vegen vidare til Filefjellstuene, der menyen var reinsdyrburgar.

Vi tok vegen vidare til Eidsbugarden, der både Vidar Lægreid og

Ester Nordheim fortalte om den samfunnsengasjerte diktaren Aasmund Olavsson Vinje. Etter dikt og song, vende vi nasen mot Sogndal atte. I bussen var det fleire som etter kvart vart trøytte etter ein lang dag, så då vart det lynlotteri og nokre gåter undervegs. Vidar vart takka med geitost frå Selseng ysteri, medan sjåføren Sven Ove Nondal fekk applaus for god og trygg køyring!

Som vanleg vart alle einige om at det hadde vore ein fin og kjekk tur, og ein vil gjerne på ny tur att neste år !

*Gitte Therkelsen Torstad
Diakon – Tekst og foto*

Dáp

Velkommen til dåp!

Når eit barn blir bore til dåpen, vert vi minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit verdsvidt fellesskap, og samstundes ein del av den lokale kyrkja. Vi vert bundne saman med truande til alle tider.

Dåpen er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lovar å følgje barnet alle dagar.

Les meir og meld inn dåp på www.sogndal.kyrkja.no/Dáp



DEN NORSKE KYRKJA
Sogndal kyrkjelydsråd



Trusopplæring i Balestrand sokn

(Hausten 2021)



Nestenåring
(5.-8. klasse)
– Fredagsklubb på
Bedehuset
kl 18-20.

Tre samlingar att før jul: 22/10, 19/11 og 17.12.



Ung Messe
torsdag 9. desember
Ei kreativ gudsteneste
av, med og for ungdom.



Babysong (0-2 år):

Vi håpar på å få starte oppatt Babysong denne vinteren. Ta kontakt med kyrkjelydspedagogen (466 97 476) om du er interessert i å vere med på Babysong på Helsestasjonen.



Samtalegruppe
for ungdomsskulen
annakvar onsdag
(partallsveker) frå kl.
19.30 – 21.30 heime
hos familien Risa i
Fjærstad 42.
Kom innom eller ta

kontakt med Magni (466 97 476) for ein prat.

I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Velkomen på:

- Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år) kl 17.30-19.00 på Sygna i partalsveker (haust)
- KRIK (14-20 år) kl 16.30-18 kvar fredag
- Lagsmøte på ungdomsskulen i matfriminuttet kvar tysdag.

TOL-tiltak 2021 i

*Fjærland,
Kaupanger,
Leikanger,
Norum og
Stedje sokn*

Me håpar å ha så
normale tilhøve som
mogleg.
Endringar kan koma.

Kva	Alderstrinn	Dato kl.	Sokn
Bibel-bok-utdeling: «Ei vandring gjennom den store forteljinga»	11 år	31.10. kl 17.00 familiesøndag Leikanger Kaupanger kjem me tilbake til. 11- åringane får invitasjon i posten.	Leikanger Kaupanger (Stedje og Fjærland har hatt utdeling.)
Babysong	0-1 år	Følg med på Facebook og nettsida vår.	Leikanger, Stedje og Kaupanger. Fjærland- og Norum-babyar er velkomne der dei måtte ynskje å møte opp.
Småtrolltrall	1 – 3 år	Oppstart 7.oktober. Andre datoar i haust: 28.10. og 18.11. kl 17.15 - 18.00	Stedjetunet.
Tårnagentdag	8 år (fødde 2013)	23.10.	Alle fem sokna inviterast til Ølmheim
SPRELL LEVANDE gudsteneste	Heile familien. 5- åringane spesielt inviterte	24.10. kl. 11.00	Stedje
Lys Vaken i Leikanger kyrkje	11 år	20. – 21.11.	Alle fem sokna til Leikanger. Overnatting i kyrkja.



Trusopplæringa på Facebook: «Trusopplæring – kyrkja i Sogndal».

Babysong har også ei Facebook-gruppe som heter "Babysong i Sogndal".



BARNAS SIDE

Finn namn på 10 fiske slag!

I rutalettet har vi gøynt namna på 10 vanlege norske fiske slag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lazarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Finn fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Smånytt

Vegard prest og organist Sverre.



Edith Flatland har teke turen over fjorden og pratar med to Fimreitedamer, Else Fimreite og Lizzi Fimreite.

Erna og Svein
Skjerdal har
teke turen frå
Kaupanger.

Sølvi og Egil Fimreite serverer kaffi og nydelege kaker.

Friluftsgudsteneste på Fimreite

Tradisjonen tru var det gudsteneste på Fimreite på slutten av sommaren, 1. august vart det i år. Og tradisjonen tru var det også fint ver!

Om lag 40 personar var til stades, Vegard Bondevik Lie var prest, Sverre Volle sytte for fin musikk på trekkspela sitt og Margrete Haug var

tekstlesar.

Etter preika var det kaffi og noko attå som grendalaget hadde stelt i stand. Folk såg ut til å kosa seg skikkeleg!

Me er mange som synes det er fint å komme til Fimreite på dette arrangementet.

Takk til Fimreitefolket som har stilt trufast opp i mange år! Vonar dei vil halde fram med det!

Rønnaug Dahl
Tekst og foto

Takk til Miguel!

Me har hatt glede av å høre flott musikk frå orgelkrakkane i Balestrand, og er svært takksam for tida Miguel Espinoza har vore tilsett hjå oss. Han har vore ein blid og positiv kar å få inn i stabsfellesskapet, og har stilt velvillig opp på alt han har vorte spurt om. Me ynskjer han lykke til i ny jobb i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd!

Nye organistar - kjente fjes

Når Miguel no avsluttar sitt engasjement hjå oss har me vore heldige å få inn lokale krefter til å føre arbeidet vidare. Laila Vang og Jorunn Andrea Høines skal dele på

å spele i gudstenester, medan Hallgeir Øgaard Westli blir å høre i gravferder og vigslar. Dette håpar me blir ei god løysing for Balestrand sokn, og me ser fram til å få Laila og Jorunn som medarbeidrarar i staben! Velkomne skal de vere!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal

Stedjetunet inviterer til hundreårsjubileum og opningsfest

Etter lang tids venting er det endelig klart for stort jubileum og opningsfest for Stedjetunet. Arrangementet er opent for alle og går av stabelen i festalen fredag 22. oktober fra kl. 19.00.

- Nye Stedjetunet vart teken fullt i bruk før jul i fjor, men på grunn av pandemien har vi utsett den formelle opningsmarkeringa fleire gonger. Men no blir det fest - og kva høver vel betre enn at vi kombinerer opninga med å markere at Stedjetunet er 100 år i år, seier Aud Marie Stundal i stiftinga.

Ho leier også arrangementskomiteen som faktisk legg opp til to dagars feiring. Fredag kveld blir det program med talar, historisk tilbakeblikk og musikalske innslag. Som seg hør og bør vil ein del gjestar få eigen invitasjon, men elles er det også opent for alle andre som vil vere med - så



langt det er plass.

- Vi har plass til 130 gjestar i salen på fredag. I tillegg held vi ope hus i to timer frå kl 11 på laurdag, slik at alle som ønsker kan komme innom og sjå det nye flotte bygget vårt.

Stedjetunet er eigd og vert driven av Stiftinga Stedjetunet som er skipa av kyrkjelydane i Sogndal prestegjeld

(Kaupanger, Norum og Stedje sokn). Bygget er reist på nytt etter at det vart totalskadd i brann i desember 2017.

Are Kvistad
Tekst

Hallgeir Øgaard Westli
Foto



Kubbestolen

Kyrkjelyden på Stedje fekk tidleg i vår ta imot ei gāve frå no avdøde Reidar Bergheim. Vi er takksam for den flotte og spesielle kubbestolen, som har fått plass på kyrkjelydshytta på Nerestad. Stolen passar veldig fint i stova i hytta, som biletet syner! Opphaveleg skulle det nyttast eit emne av bjørk frå garden på Stedje, men då emnet ikkje kunne nyttast, vart det brukt eit bjørkeemne som Nils Elvagjeng hadde hand om.

Arbeid ved Ølmheim kyrkje

Gjennom vinteren og våren har me rydda og felt skog inne på og rundt nedste oldtidskyrkjegarden vår. Me tykkjer resultatet er vorte bra og skapar auka trivsel for alle besøkande til kyrkjegarden. Vidare har kommunen opparbeidd ny parkeringsplass. Det manglar førebels rekervoer som vi vonar vert ordna med det første.

For å få gjennomført dette arbeidet har me hatt ein flott dugnadsgjeng som har stilt med godt maskinelt utstyr og som skar og knuste masser av greiner - bilkran som tok mann med sag til topps og kutta dei store trea med motorsag nedover på ein slik måte at dei trygt vart tekne ned inne på kyrkjegarden utan skader. Det var ikkje lett.

Eg har lyst i denne samanhengen å takke dugnadsgjengen og gje ei ekstra takk for stor velvilje og blome til Odny Ølmheim som nabo. Under arbeida med parkeringsplass kom det fram at nedste kyrkjegarden var i hennar eige. Med stor velvilje er dette signert og ordna no, og overført til kyrkja. Som om dette ikkje var nok så spurde eg henne om å få bruksrett på litt av hennar eigedom for å få til ei betre løysing for innkøyring til nye parkeringsplassen vår - noko ho igjen svara ja på og utan vederlag her heller. Dette set me stor pris på, så herved stor takk til deg Oddny og sonen Kjetil Johan.

Me i soknerådet ynskjer alle ein fin haust.

Magne Ahlin
Leiar Norum sokneråd

Støttespelarene våre:



www.lerum.no

Ledig annonseplass!

KVAMME*REKNESKAP AS

Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND (57 69 12 03) – SOGN DAL (57 67 22 02)
laura@laurakv.no – 913 63 327

k **kontorspar**
Skjeldestad

Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*
—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av
innfatningar, brilleglas, kontaktlinser
solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50



**ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGN DAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefSEN

EL-PROFFEN
JOSVANGER

Din lokale elektrikar

post@josvanger.no 48 08 37 00 www.josvanger.no

GRAVMINNE:



Me formidlar
nye gravminne
og innhogging
av namn på eldre.

Mi tek og på oss
oppmerking av gamle steiner!

STEDJE
BLOMSTER OG GARTNERI

Granden 9 • 6856 Sogndal • tlf. 57 67 10 37



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 920 94 145 • nettbriller.com

HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG

Telefon 90 11 67 83



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN

AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.




NORDBOHUS SGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK

www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



Sogn Kontorsenter
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no



solberg
el-service



Telefon heile døgnet:
57 68 14 77

Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsgen-trafikkskule.no



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no



**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**

KONTAKT OSS FOR TILBOD!



VestlandsHus®

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

ncom

OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



ingmar fimreite as

6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



**SOGN
KJØLESERVICE**
sognkulde.no

57 67 11 11



dyreklinikken
-i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00

Tys og ons: 08.00 – 11.00

Tor og fre: 09.00 – 12.00

Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555



FRISØR tlf. 906 75 427

Anne-Karin Mundal Bakke

Ledig annonseplass!

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

**KIRKENES
SOS**
22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

FJÆRLAND

20.06.21 Liam Nes Bøyum

KAUPANGER

13.06.21 Alma Marie Bjørndal Kjørlaug

13.06.21 Brage Vangen Lund

13.06.21 Noah Hagen Vikøren

20.06.21 Malene Kvam

24.07.21 Snøfrid Kveane

29.07.21 Niklas Nes Dalaker

22.08.21 Filippa Amundsen

22.08.21 Johan Nese Thue

NORUM

22.08.21 Martine Løkken Ese

STEDJE

23.05.21 Kaia Gurvin Øvretun

23.05.21 Emil Mikkelsen

23.05.21 Mia Romøren

23.05.21 Gustav Hopperstad Kvammen

30.05.21 Magnus Loe Plassen

05.06.21 Henny Flo

05.06.21 Emilie Berg Haugen

06.06.21 Henrik Midttun Vigdal

06.06.21 Tuva Raa Renå

06.06.21 Ole Bjørgum

06.06.21 Magnus Wilhelm Walsvik

06.06.21 Eirin Thorsnes

26.06.21 Ella Thy Morys

27.06.21 Gustav Kristiansen Rygg

27.06.21 Sigve Dybvik Veum

27.06.21 Markus Svortevik-Lerum

03.07.21 Silas Ocean Lykkebø Kvåle

04.07.21 Alva Kjøsnes Hatlevoll

18.07.21 Emma Minisan

01.08.21 Fredrik Sabanovic-Øye

01.08.21 Frøya Sævereid Hovland

01.08.21 Johannes Nondal Holkesvik

01.08.21 Alma Mendes

08.08.21 Vilja Bjelle Nergaard

15.08.21 Helmer Lillestøl-Lerum

15.08.21 Ivar Lunde Lerum

GRAVLAGDE

BALESTRAND - TJUGUM

02.06.2021 Arvid Ingvald Neset

f. 1950

30.07.2021 Åse Bell

f. 1945

(gravferd frå Leikanger kyrkje)

03.08.2021 Oddny Elisabeth Torsvik

f. 1957

FJÆRLAND

28.05.2021 Siri Lise Mundal

f. 1961

KAUPANGER

17.08.2021 Ragnhild Gullborg Bakkeiteig

f. 1924

STEDJE

20.05.2021 Kari Uglum

f. 1932

28.05.2021 Elen Knausen

f. 1930

03.06.2021 Steffen Veum

f. 1988

(gravlagd på Kaupanger kyrkjegard).

08.06.2021 Trygve Frækaland

f. 1942

10.06.2021 Anny Oddbjørg Bjelde

f. 1935

25.06.2021 Reidar Bergheim

f. 1938

07.07.2021 Melat Abraham

f. 2021

07.07.2021 Gunnlaug Amanda Myhre

f. 1938

13.07.2021 Kirstina Kvam

f. 1930

(Bisetjing)

16.07.2021 Nils Henning Resaland

f. 1953

20.07.2021 Kjellaug Ese

f. 1924

12.08.2021 Sigrun Gerd Tuftene

f. 1939

Døypt i Vangen kyrkje

Døypt i Vevring kyrkje

Døypt i Dale kyrkje

Døypt Vassenden kyrkjesenter

Døypt i Ishavskatedralen, Tromsø

VIGSLER

KAUPANGER

- 27.03.21 Anniken Lilleøren og Tommy Kråkenes Kveane*
29.05.21 Tone Oseng Bjørloev og Sven Are Hammershøi Nygaard
19.06.21 Therese Flæte Blomberg og Espen Dalaker Langeland
- *Namnet på brudgommen vart dverre skriven feil i førre nummer av kyrkjelydsbladet.
Vi har difor retta opp i dette nummeret.

STEDJE

- 19.06.21 Gry Anh Holme og Mathilde Munch Vannebo
26.06.21 Elise Selseng og Viktor Johannes Epland
24.07.21 Kristine Yttri og William Vigdal
24.07.21 Lena Øyre Leirdal og Ole Jacob Seime

ØLMHEIM

- 07.08.21 Leni Rørvik og Ole Andre Hjelmeseter

BALESTRAND

- 26.06.21 Ingrid Sofie Næss og Asgrim Tangen Farnes
03.07.21 Tone Cecilie Høgestøl og Erlend Smørgrav Viddal
29.07.21 Lene Cecilie Thomassen og Asbjørn Rike
07.08.21 Ingunn Kråvik og Bent Inge Bentsen
14.08.21 Sara Jagedal og Andreas Grøneng
21.08.21 Ingeborg Døsen og Gustav Einar Erlingsson Nesse



Foto: Den norske kyrkja.

Barnet er født – tid for dåp

Eit nyfødt lite barn har inntatt heimen, nyleg eller for nokre månader sidan.
No er det tid for dåp! Kva gjør me?

På heimesida finn du "Påmelding til dåp" i dei ulike kyrkjene.
Ha gjerne klar alle opplysninga om barnet, foreldre og fadrar når du melder inn til dåp (hugs alle 11 sifra for barnet).
Dåpsforeldra vert kontakta av presten eller den som skal døype, for avtale om samtale i uken før dåpen.

Ta kontakt med kyrkjekontoret viss du har ytterlegare spørsmål om stad og tid for dåp.
Velkommen til dåp!

Ikkje ver redd for å ta kontakt!
Tlf: 57 67 99 85
Epost: post@sogndal.kyrkja.no
Heimesida: sogndal.kyrkja.no

Lause gravsteinar

Vi har observert nokre lause gravsteinar på våre gravplassar. Etter forskriftene, er tilsyn og vedlikehald av gravminne festar sitt ansvar. Vi oppmodar difor dei som er festar av graver, til å sjå etter at deira gravminne står støtt.

INFORMASJON



Velkommen til gudsteneste

Med etterhald om endringar, sjå gudstenesteliste i Sogn avis eller på www.sogndal.kyrkja.no

OKTOBER

3. oktober	Stedje kyrkje kl. 11.00 Stedje kyrkje kl. 12.30 Tjugum kyrkje kl. 11.00 Ølmheim kyrkje kl. 11.00 Leikanger kyrkje kl. 17.00	- Hausifikfest - Hausifikfest - Gudsteneste - Gudsteneste - Gudsteneste
10. oktober	Stedje kyrkje kl. 11.00	- Gudsteneste
17. oktober	Tjugum kyrkje kl. 11.00 Leikanger kyrkje kl. 11.00 Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30	- Gudsteneste - Gudsteneste - Kveldsgudsteneste
24. oktober	Stedje kyrkje kl. 11.00 Fjærland kyrkje kl. 15.00	- Sprell levande gudsteneste - Gudsteneste. Diakoniens dag
31. oktober	Sæle kyrkje kl. 11.00 Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00 Leikanger kyrkje kl. 17.00 Stedje kyrkje kl. 19.30	- Gudsteneste - Gudsteneste - Familiesøndag - Kveldsgudsteneste

NOVEMBER

7. november - Helgemesse	Tjugum kyrkje kl. 11.00 Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00 Ølmheim kyrkje kl. 11.00 Stedje kyrkje kl. 18.00 Leikanger kyrkje kl. 19.00	- Gudsteneste - Helgemessegudsteneste - Helgemessegudsteneste - Helgemessegudsteneste - Helgemessegudsteneste
14. november	Stedje kyrkje kl. 19.30	- Gospelgudsteneste
21. november	Stedje kyrkje kl. 11.00 Leikanger kyrkje kl. 11.00 Tjugum kyrkje kl. 16.00 Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30	- Gudsteneste. Diakoniens dag - Familiesøndag/LysVaken - Gudsteneste - Gudsteneste. Diakoniens dag
28. november – 1. søndag i advent	Fjærland kyrkje kl. 11.00 Sæle kyrkje kl. 11.00 Stedje kyrkje kl. 19.30	- Gudsteneste - Gudsteneste - Lysmesse

DESEMBER

5. desember – 2. søndag i advent	Tjugum kyrkje kl. 11.00 Ølmheim kyrkje kl. 16.00 Kaupanger stavkyrkje kl. 17.00 Leikanger kyrkje kl. 19.00	- Gudsteneste - Lysmesse - Lysmesse - Lysmesse
----------------------------------	---	---

